

Til rapportsystemet.

HA SANS FOR TAL (Mao)

Vi må kjenne dei kvantitative sidene ved eit problem for å kunne forstå det fullgodt. Vi må kjenne tala for medlemssituasjonen og medlemsutviklinga i partiet for å analysere klasse-sammansettinga, kvinne delen osv. Sentralt treng vi desse opplysningene for å halde oversyn over medlemsutviklinga og kunne gripe inn dersom utviklinga ikkje går i rett lei.

Men i laget treng de også desse opplysningene for å halde grep om ei sær viktig side ved laget ~~KK~~ sitt arbeid: korleis det utviklar seg medlemsmessig.

Det er viktig at de fyller ut desse skjema samvitsfullt og nøyaktig.

Pr. 1/1 1975 skal vi ha inn to skjema:

KVARTALSRAPPORT for 4.kvartal 1974 (okt., nov. og des.)

ÅRSRAPPORT - ein rapport om status ved årsskiftet 1974/75

Rettleiing for utfylling av kvartalsrapporten står på baksida av skjemaet. Rettleiing for utfylling av årsra

Rettleiing for utfylling av årsrapporten:

Årsrapporten er ei melding om status pr. 1/1, vi bruker kvartalsrapportane til å følge medlemsutviklinga.

I. Her skriv de opp stedsлага og talet medlemmer i kvart stedslag og summerer til slutt totaltalet medlemmar i laget. Dersom laget ikkje har stedslag, skriv det medlemstalet i sumrubrikken.

II. Skriv ~~KK~~ talet kvinner og menn

III. Skriv talet medlemmar i kvar av aldersgruppene.

IV. Skriv talet medlemmar med høgare og lågare utdanning.

V. Her skriv de opp samtlege medlemmar (IKKJE NAMN).

(a) yrke. Skriv nøyaktig yrke, sjå elles rettleiinga til utfylling av kvartalsrapporten.

(b) alder. Skriv antal år.

(c) kjønn. Skriv K og M

(d) tidlegare partimedlemskap. Sjå rettleiinga for utfylling av kvartalsrapporten.